

**VELKOMEN  
TIL  
ROGNE  
INTERNAT**



## Velkomen til Rogne internat

Me håpar at du vil få ei kjekk oppleving på internatet vårt! Du vil få mange gode opplevingar gjennom skuleåret og kan knyte varige venskap med andre.

### [Informasjon om reglar og anna på internatet](#)

Me har reglane fordi me vil at internatet skal vera ein god stad å bu for alle. Alle elevar underteiknar ein internatkontrakt ved innflytting. Dette dokumentet regulerer rammer og reglar for alle som bur på internatet. Brot på desse reglane kan føre til åtvaringar eller eventuelt utvisning. Dersom du øydelegg noko av internatet sitt inventar og utstyr, må du erstatta dette.

Nattevakt har ein vekerunde mellom klokka 07.00-07.15. Eleven melder sjølv i frå til lærar ved sjukdom. Dersom du er sjuk i meir enn 3 dagar, så må du reisa heim.

Det blir forventa god oppførsel av alle som bur på internatet. Stell fint med kvarandre og med utstyr og møblement, det er viktig at ein tek ansvar for sin eigen busituasjon. Eleven har plikt til å møta til undervisninga kvar dag, og har også plikt til å ta omsyn til dei andre i bufellesskapet på internatet.

Frå klokka 23.00 skal det vera ro på internatet og alle må vera på sine eigne rom. Det er greitt å gjera avtale med nattevakta om du har vore på kino eller liknande og kjem seint tilbake. Du går då rett til rommet ditt, og er så stille som mogeleg. Det er lytt på internatet, og alle skal sikrast ro når det er natt. Elevar som er oppe etter klokka 23.00 og som besøkjer andre, får ei åtvaring. Ved gjentekne brot på reglementet vert ein tatt inn til samtale til internatleiar. Dersom det gjentek seg, kan det føra til utvisning i inntil 3 dagar.

Det blir sett opp ordensvakter for kvar etasje. Vedkomande skal syte for at det er ryddig på fellesområda, og rydde og ordne på kjøkkenet. Dette er også eit ansvar alle har. Hugs at du må vaska og rydda når du har brukt noko på kjøkkenet!

Eit rom som er reint og ryddig er kjekt å bu i. Me må difor ha god orden og god hygiene på internatet og på romma våre. Du må vaske rommet og badet ditt kvar veke, og du må støvsuge/tørke støv. Det vert gjennomført rom-inspeksjon kvar onsdagskveld klokka 19. Eleven får godkjent eller ikkje på rom-inspeksjonen. Dersom det ikkje blir godkjent blir det ny sjekk neste dag. Visst det framleis ikkje er godkjent, får eleven ei åtvaring. Får du fleire åtvaringer kan internatleiar og miljøarbeidar gå inn og rydde/vaska rommet ditt, og du får tillegg på fakturaen den månaden med 600 kroner. Vasking av fellesareal er det reinhaldar som syter for, men det er bebuarane som må vera med å halda orden i gangar og fellesrom. Ved skuleslutt må kvar leidgetakar vaska ned hybelen sin og felles bad. Dette må godkjennast av

miljøarbeidar/internatleiar. Dersom du reiser i  
frå eit rom utan godkjent utvask, vert du  
fakturert med kr 2.000.

### Rusmiddel

Det er ikkje lov å oppbevare eller nytte alkohol  
på internatet. Dette kan føre til inntil ei veke  
utvisning.

Bruk og oppbevaring av narkotika fører til  
utvisning frå internatet resten av skuleåret. Det  
vil og bli politianmeldt.

### Stilletid

På internatet har me stilletid/leksetid klokka  
17.00 – 18.30 (måndag – torsdag). Dette har me  
for at elevar skal få ha det stille når det gjer  
leksjer eller kviler seg.

## Kjøkken

Viktig at kvar og ein ryddar etter seg slik at det er reint og ryddig når ein er ferdig med sitt.

Utstyret på kjøkkenet kan nyttast av alle som bur i etasjen. Ein skal ikkje hente utstyr i frå kjøkkena i dei andre etasjane.

Utstyr som blir lånt frå kjøkkenet, må takast tilbake.

## Kjøleskåp

Dei som skal bruke kjøleskåp/frys, må leggje varene sine i ein boks som er merka med namnet sitt.

## Kjeldesortering

På internatet har me denne kjeldesorteringa: bio – glas/metall – plast - rest – papir. Det vil seie at me har diverse bosbötter der du sorterer der det høyrer heime. I tillegg gjer du reint alle boksar, kartongar, ketsjupflasker osv. før du legg dei i boksen. Glas og metall skal og reingjerast, og leggjast i spann under kjøkkendisken, eller du går ut med det.

NB! Pizzaøskjer, mjølkekartongar, isboksar og liknande tek du med deg ut til bosbua og flatpakkar og legg det i rett bosspann som er merka «papir».

### Vaskerommet

Me har 4 vaskemaskiner og 5 tørketromler nede på vaskerommet. Forlat ikkje internatet når du brukar maskinene. Då kan det føra til at nestemann som skal bruaka maskinene tek ut kleda og legg dei rett på golvet. Tips: set på alarmen på telefonen din slik at du har cirka tid når maskina er ferdig. Då går du ned og hentar ut tøyet ditt slik at det er klart til neste person. Det er lurt å ikkje setja noko oppå maskinene som f.eks. vaskemiddel. Når maskina sentrifugerer ramlar vaskemiddelet på golvet.  
NB! Alle maskiner skal vera ferdige til seinast klokka 22.45, det skal ikkje vaskast noko etter dette klokkeslettet på grunn av brannfare, og at det skal vera stille då!

Toalettpapir og vaskeutstyr må du halda sjølv.  
NB! Hugs å rydd opp etter deg på  
vaskerommet/tørkerommet!

### [Internett](#)

Internett er det same som på vidaregåande skular. Det kan til tider verta begrensing på kapasiteten når det gjeld streaming og spel.

### [Dagleg avkryssing](#)

Nede ved vaktrommet er det eit avkryssingsskjema der du kryssar deg ut kvar morgen, og kryssar deg innatt når du kjem ifrå skulen. Er du sjuk gjev du beskjed til vakta og kryssar deg sjuk på skjemaet. Når du skal vera borte ifrå internatet, for eksempel når du reiser heim eller på besøk, skal du og krysse deg av for borte. Dette er spesielt viktig slik at me veit kven som er på internatet om natta i tilfelle det oppstår for eksempel ein brannsituasjon.

Om du vil kan du levera inn nøkkelen til vakta, slik at du slepp å mista nøklane dine. Tap av nøkkelen vert fakturert med 1500 kroner. Om du lurar på noko er det berre å kome innom vakta for ein prat.

#### Rommet ditt og sikkerheit

Hugs å hald rommet ditt låst til ei kvar tid (det er ditt eige ansvar).

- Det me tillèt deg å ha på rommet av elektrisk utstyr er:  
pc, playstation, tv og kjøleskåp av nyare dato.
- Du må ikkje tørka klede på rommet ditt.  
Tildekking av ovn er svært brannfarleg og må ikkje førekoma.
- Du kan ikkje bruka noko form for open eld inne på rommet ditt (levande lys, gassbrennar..)

- Du skal ikkje lada noko om natta, eller når du ikkje er til stades. Du kan ikkje bruka skøyteledning i skøyteledning (særslig brannfare).

NB! Andre elektriske artikler som brødristar, ostemaskin, vaffeljern osv. må berre brukast i eigna stikkontakter på kjøkkenet.

### [Utgangsdør med kodelås](#)

Det er strengt forbode å gi ifrå seg koden til utgangsdøra til andre enn dei som bur på internatet. På grunn av sikkerheita vil me ikkje risikera at venner eller utanforståande personar får tilgang til internatet. Skjul koden godt om det står andre folk bak deg.

Dersom du gir ut koden til andre, kan dette føra til tre dagars utvising frå internatet.

### [Aktivitetsrom](#)

Nede i aktivitetsrommet har me laga til ein liten trimavdeling med vekter og multi

treningsapparat og eit bordtennisbord,  
biljardbord og airhockey.

### [Overnattingsbesøk](#)

Elevar kan ha to overnattingsbesøk i løpet av ein månad. Overnatting i ei helg, frå fredag til sundag, vert rekna som ei overnatting. Du må søkje skriftleg til internatleiar innan kl. 21. kvelden før du skal ha besøk. Skal du søkje om overnatting ei helg, må internatleiar ha søknaden innan torsdag kl. 21. NB! Er du under 18 år må me ha løyve ifrå føresette. Søknadsskjemaet hentar du på kontoret og fyller ut og sender til internatleiar.

### [Besøk på internatet](#)

Alle gjester skal vera ute av internatet seinast kl. 22. Når du skal ha besøk skal du møte dei nede ved utgangsdøra (ikkje gi ut koden til nokon). Vener har ikkje lov til å opphalde seg på internatet utan at du er tilstades. Dette er på grunn av at me må ha oversikt over kven som er her til ei kvar tid, og slik at ikkje framande tek

seg til rette inne på internatet (dette kan og gjelda for eksempel tjuveri av ting og mat).

### Nødutgangar

På grunn av brannføreskriftene skal det ikkje setjast noko i eller utanfor brannutgangar, eller i gangane. Dei må til ei kvar tid vera rømmingsfrie!

Alvorleg brot på brannføreskriftene kan føre til ei veke utvisning.

### Ordensvakter for fellesromma

På internatet vil alle etter tur få oppdrag som ein må utføre.

Den som har vakt den aktuelle veka, har ansvaret for at fellesområdet i sin etasje blir halde ryddig.

Du vil ha vakt ifrå mandag – torsdag i veka di. Det vil sei at du tek ansvar for at det er ryddig på kjøkkenet og i stova. Arbeidsoppgåver er å setja inn i og ta ut av oppvaskmaskina, vaska bord og diskar. Du må vera ferdig med ryddinga til

**seinast kl. 23. Om du ikkje møter til vakta di, vil det føre til merknad!**

Er det ein kveld du ikkje kan ha ordensvakt, må du byta med ein annan elev. Om noko er uklart, ta kontakt med den som er på vakt!

### [Brannalarm](#)

Alarmen er tilknytt brannsentralen i Bergen. Går brannalarmen har me 5 minutt før brannsentralen i Bergen får melding. På branntavla står det kva rom som er utløyst av brannalarmen. Sjekk aktuelt rom, ring 53 03 02 05 innan 5 minutt er gått, og gje eventuelt beskjed om det er uønskt alarm.

Blir brannalarmen utløyst med vilje, vil det straks føre til utvising. I tillegg må du betale rekninga for utrykkinga frå brannvesenet.

### [Bod i kjellaren](#)

Alle vil få ein nøkkel til ei personleg bod i kjellaren. Det er samme nummer som du har på rommet ditt, du må kjøpe hengelås sjølv. Du går

ut av internatet og rundt bygget til venstre når du skal i boda. Her kan du for eksempel ha ski, sykkel, koffert. Det kan vere lurt å setje sykkelen ned i boda di om du reiser heim i helgene. Hugs å låse utedøra etter deg når du har vore i boda!

### Røyking

Det er ikkje lov til å røykja inne i eller ved inngangen til internatet. Internatet er røykfritt område. For å unngå smugrøyking i gangar og kjellar, er det inntil vidare godkjent at ein står og røykjer nede ved grindverksbygget.

### Bemanning på internatet

Internatleiar Gyri Bergstrøm:

måndag 08.00 – 15.30

tysdag – torsdag 13.30 – 21.00

fredag 07.30 – 15.00

Miljøfagarbeidar Torunn Sorteberglien  
måndag – torsdag 14.30 - 22.00

Nattevakt/miljøarbeidar måndag – fredag  
21.30 - 08.30

Nattevakt/miljøarbeidar fredag – måndag  
15.00 - 08.30 og sundag 15.00 - 22.00

#### Kontakt internatet

Internatleiar Gyri Bergstrøm  
telefon: 902 99 915  
e-post: gyri.bergstrom@vlfk.no

Miljøarbeidar telefon: 952 34 602

Nattevakt telefon: 952 34 602

Voss vgs telefon: 56 53 22 00

Adressa til internatet er: Rogne internat,  
Sjukehusvegen 1, 5704 Voss

Laurdagar og sundagar mellom kl. 08.00 – 15.00  
er det ikkje tilsette på internatet!

## Viktige telefonnummer:

Brann: 110

Politi: 112 + bruk 02800 for å kontakte ditt  
lokale politi om du er i vanskar

Legevakt: 116117

Taxi: 56 51 13 40

Nattevakt: 952 34 602